

V2016

Evaluering av NORAN104 Andrespråklæring- og undervisning


Gjennomføring

Praktisk gjennomføring: Kurset består av to forelesingar i veka (4 timer undervisning) over 13 veker. Kurset er sett saman av to delar: Ein del som dreiar seg om korleis ein lærer eit andrespråk, og ein del som dreiar som om korleis denne læringsprosessen kan støttast positivt gjennom undervisning. Det var hovudsakleg to faglærarar som hadde ansvar for dei to ulike delane, i tillegg til at eit par faglærarar til var innom ein til to gonger.

Strykprosent og fråfall: Det var 28 studentar som var oppmelde til eksamen. Det var 18 studentar som tok eksamen. Det var 4 som strauk til eksamen.

Karakterfordeling utover stryk:

Karakter	Antall	Kvinner	Menn
E	1	1	0
D	3	2	1
C	6	4	2
B	1	1	0
A	3	2	1



Studieinformasjon: Informasjon på orienteringsmøte og på UiB sine nettsider.

Tilgang til relevant litteratur: Bøker som kan kjøpast på campus og på nettet, og pensumtekstar tilgjengelege i Litteraturkiosken.

Vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr: Dette har fungert heilt greitt når me først fekk stort nok undervisningsrom.

Andre forhold: Det var litt mange ulike undervisningsrom å forholda seg til, noko om delvis hang saman med at me måtte få nytt rom til kurset fordi det var for lite i høve til tal på studentar.

Kommentarar til student-evalueringa

Det var 12 studentar som deltok i evalueringa, som vart gjennomført i siste undervisningstid.

Studentane vart spurde i kva grad dei var nøgde med undervisninga (svært nøgd, nøgd, verken nøgd eller misnøgd, misnøgd). Av dei 12 om svara, var det 10 som kryssa av for *nøgd*, og 2 som kryssa av for *svært nøgd*. Me spurde også studentane om kva dei meinte om vekta dei ulike emna fekk i undervisninga (same skala), og er 12 *nøgde*, 1 *verken nøgd eller misnøgd* og 1 *svært nøgd*.

Dei resterande spørsmåla inviterer til vurderingar og innspel omkring gjennomføringa av undervisninga og pensum. Her vil eg trekkja fram følgjande moment:

Kva er bra:

- Studentane trekk først og fram forelesarane/sjølve undervisninga som det mest positive med emnet.
- Nesten fullstendig semje om at pensum var relevant og interessant (ein som påpeika at det var litt tungt med innføringsbok på engelsk).
- I tillegg er det fleire som syns det har vore nyttig å få utdelte støtteark.
- Det er også fleire som syns at kollokvieoppgåvene (som dei har jobba med åleine, somme i grupper) har vore nyttige.

Kva er mindre bra:

- Rot med rom i starten
- Fleire avlyste forelesingar
- For sein oppstart (me starta ei veke etter den ordinære undervisninga eigentleg skulle starta opp)
- For lite seminarverksems/kollokvier med lærar tilstade
- Det var også eit par som påpeika at første delen av undervisninga vart litt gjentakande (det var nok studentar som tok Førstesemesterstudiet i haust, H2015).

Samla vurdering

Studentane har møtt relativt sett godt opp i undervisninga dette semesteret, og dei melder tilbake at undervisninga har vore god. I og med at dette kullet er det første som har teke i bruk det nye pensumet (som mellom betyr at ei eldre norsk innføringsbok er vorte erstatta med ei ny innføringsbok på engelsk), er det svært interessant at det studentane faktisk er mest samde om, er at pensum var bra og relevant. Det er også vert å merkja seg at nokon syns at det vart litt gjentakande, og det kan ha samanheng med at nokre få av dei tok NORAN120 H2015.

Det er viktig å ta med seg at fleire av studentane påpeiker at det ikkje er tilstrekkeleg å berre få kollokvieoppgåver som dei jobbar med åleine i grupper (eller heilt for seg sjølv om dei vel det), og som faglærar kjapt går gjennom i undervisninga. Fleire etterlyser meir seminaraktig undervisninga og/eller kollokvium med lærar tilstade. Merk også at det var relativt høg strykprosent (4 av 18, 22%).

Studentane reagerer også negativt på at det var nokre forelesingar i starten av semesteret som vart avlyst (på grunn av sjukdom). Dei syns også at det var for mykje rot med rom i starten, og fleire syns det er dumt at kalenderen på Mi side ikkje alltid er oppdatert i høve til planen som forelesarane lagar (og innimellom må justera), og som ligg på fillageret.